



Svein Rimestad syng her saman med Steinar Naterstad og Kjell Sigbjørn Røssland under ei øving

**Svein Rimestad skriv tekstar til ei framføring  
Røysterett for alle skal ha i Folkemusikkveka 2012.  
Konserten er sett saman av 14 folketonar  
skrivne av Maria Malmsten.  
Inspirasjonen har ho frå ulike bygder og miljø i Kvinnherad.  
Syklusen er skriven for kor, solistar, dansarar, fele og trekkspel.**

Svein Rimestad har skriven teksten Reinlender på Herøysundmåten og Vals på Musland. Tekstane er skriven til sentrale personar i koret og som er frå desse plassane.



Maria Malmsten har fått mange vel fortente blomar for kulturinnsatsen sin

Jamvel om utgangspunktet er personleg og lokalt, har innhaldet allmenn interesse. Musland med sol heileåret og fjell til å klatra i, har dragospelar og mang ein gjest. Ta turen til Musland og du vil høyra at dei trør dansen.

Teksten frå Herøysundet skildrar dansen i Grendahuset og heimferda på sokkelesten.

Haldor Tveit og Tiril Einarsdotter (dotter til Maria) spelar trekkspel og fele til fleire av folketonane.

Den kjende huldredansaren Magdalena From Delis, som vi minnest frå museumsdag på Bygdetunet Rød, stiller med solodans og skal ha ansvaret for koreografi.

Røysterett for alle er samla til seminar og årsfest i Uskedalen i helga.

Framføringa er 25. oktober i Kulturhuset Husnes.

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto: Ola Matti Mathisen